



**OBS at nokre saker kan vera U.  
off. Det er avmerka øverst til  
høgre på dei sakene det gjeld**

## Kontrollutvalet

Bergen, 06. september 2012

### Innkalling til møte i kontrollutvalet

Det vert med dette kalla inn til møte i kontrollutvalet

**Torsdag 13.09.12 kl. 14.00**

**i kantina i kommunehuset**

Dersom nokon av medlemmene ikkje kan møte og må melde forfall, vert dei bedne om å gjere dette så tidleg som råd er til Kari Nygard, tlf. 55 23 94 06 / 916 64 183, [kari.nygard@hfk.no](mailto:kari.nygard@hfk.no) eller til Hogne Haktorson, tlf. 55 23 94 53/911 05 982, [hogne.haktorson@hfk.no](mailto:hogne.haktorson@hfk.no). Det er planlagt at Kari Nygard møter frå sekretariatet på dette møtet.

Til varamedlemmer er denne innkallinga å sjå på som ei orientering. Dersom det vert aktuelt at varamedlemmer må møta, vil det bli gjeve nærmare beskjed.

Jens Harald Abotnes (s)  
kontrollutvalsleiar

Hogne Haktorson  
Kontrollsjef

Kari Nygard  
Seniorrådgjevar

Vedlegg: Sakliste

Kopi: Varamedlemmer til kontrollutvalet  
Ordførar i Samnanger kommune (har møte- og talerett)  
Deloitte AS (har møte- og talerett)  
Rådmannen i Samnanger kommune

## Sakliste:

<b>Saknr.</b>	<b>Sak</b>	<b>Merknad</b>
24/12	Godkjenning av innkalling og sakliste	
25/12	Protokoll frå møte i kontrollutvalet 29.05.12	Vedlegg
26/12	Meldingar / utvalet sitt kvarter	Vedlegg
27/12	Orienteringssaker	Vedlegg
28/12	Oppstart av prosjekt innan forvaltningsrevisjon	Vedlegg
29/12	Framlegg til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet for 2013	Vedlegg
30/12	Opne eller lukka møter i kontrollutvalet	
31/12	Gjennomgang av møteprotokollar	
	Ymse	



**SAMNANGER KOMMUNE**

## MØTEPROTOKOLL

### Kontrollutvalet

**Dato:** 29.05.12                      **Kl.:** 14.00 – 18.15                      **Stad:** Kommunestyresalen

**Saknr.:** 17/12 – 23/12

### MØTELEIAR

Jens Harald Abotnes (Krf)

### DESSE MØTTE

Hans Solberg (Sp)

Elin Dyrseth Liøen (Ap)

Svein Verner Røseth (Frp)

Lena Tveit (Bygdalista)

**FORFALL** – ingen forfall

### DESSUTAN MØTTE

Deloitte AS v/ Kari Gaasemyr

Ordfører Marit Aksnes Aase møtte i sakene til med sak 20/12 – Orienteringssaker.

Frå administrasjonen møtte rådmann Tone Ramsli i orienteringssak nr. 2 – Om arbeid med oppfølging etter forvaltningsrevisjon av pleie- og omsorgssektoren.

Hordaland fylkeskommune, sekretariat for kontrollutvalet v/ Kari Nygard.

Før møtestart (13.30 – 14.00) vart det gjennomført opplæring i bruk av iPad.

## Sakliste:

Saknr.	Sak
17/12	Godkjenning av innkalling og sakliste
18/12	Protokoll frå møte i kontrollutvalet 16.04.12
19/12	Meldingar / utvalet sitt kvarter
20/12	Orienteringssaker
21/12	Plan for forvaltningsrevisjon 2012 - 2016
22/12	Plan for selskapskontroll 2012 - 2016
23/12	Gjennomgang av møteprotokollar
	Ymse

**17/12 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE**

## HANDSAMING I MØTET

Det framkom ikkje merknader til innkalling og sakliste.

## VEDTAK

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjend.

**18/12 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 16.04.12.**

## HANDSAMING I MØTET

Det framkom ikkje merknader til protokoll frå møte 16.04.12.

## VEDTAK

Protokollen frå møte 16.04.12 vart samrøystes godkjend.

**19/12 MELDINGAR OG UTVALET SITT KVARTER**

Desse meldingane vart lagt fram:

Nr.	Melding frå:	Melding vedr.:
1	Kontrollutvalet	Utvalet sitt kvarter
2	Kommunestyret	Aktuelle vedtak å melda til kontrollutvalet: <ul style="list-style-type: none"> <li>Reglement for Kommunestyret og andre politiske utval</li> </ul>
3	Sekretariatet	<ul style="list-style-type: none"> <li>Om kontrollutvalet på heimesida til kommunen</li> <li>Om behov for opplæring i bruk av iPad</li> </ul>
	Evt. andre meldingar	Ymse

## FORSLAG TIL VEDTAK

Meldingane vert tekne til orientering.

## HANDSAMING I MØTET

Nr.	Melding frå:	Melding vedr.:
1	Kontrollutvalet	<ul style="list-style-type: none"> <li>Det vart teke opp kor vidt medlemmer i kontrollutvalet kan veljast til ad-hoc-utval. Det vart påpeika at kontrollutvalsmedlemmar ikkje bør veljast til utval som skal ta avgjerd i saker, og der ein kan koma i situasjon der kontrollutvalet skal kontrollera kva som er gjort.</li> <li>I kommunestyret vart delar av saksframlegget frå kontrollutvalet i rekneskapsaka særleg drøfta. Konklusjonen vart at det kan gjevast tilbakemelding om spørsmålstillingane i kommunestyremøte 20.06.12, då sekretariatet og skal presentera kontrollutvalet sine oppgåver.</li> <li>På ny vart spørsmål om reglar for innkrevjing av leige for bruk av kommunal kai teke opp. Dette er ei pågåande sak, der kommunen har intensjon om å få rydda opp i tilhøva. Ordførar orienterte kort om stoda. Kontrollutvalet ønskjer ei nærmare orientering om korleis denne saka blir følgd opp. Slik orientering skal gjevast på første møte til hausten.</li> <li>Det vart og stilt spørsmål om at det var eit vedlegg / uttale til sak om "Områdeplan Bjørkheim" – til Naturutvalet, som ikkje var med i sakstilfanget som er lagt ut på heimesida. Ordførar noterte seg dette og skulle undersøka saka.</li> </ul>
2	Kommunestyret	Reglement for Kommunestyret og andre politiske utval skal reviderast. Ordførar orienterte om at det er sett ned eit utval som skal koma med framlegg til reglement. Kontrollutvalet ønskjer at det og vert utarbeida reglement også for kontrollutvalet. Sekretariatet sender over utkast til reglement / døme frå ande kommunar til ordførar.

3	Sekretariatet	<ul style="list-style-type: none"> <li>• På heimesida til Samnanger kommune er det nå kome på plass opplysningar om kontrollutvalet, og innkallingar og møteprotokollar frå utvalet sine møter vert lagt ut. Kontrollutvalet seier seg nøgd med slik dette nå er lagt opp.</li> <li>• Det vart gjennomført opplæring i bruk av iPad før møtet starta. Kontrollutvalet ønskjer at det vert lagt opp til vidare opplæring på første møte til hausten.</li> </ul>
	Evt. andre meldingar	<p>Ymse</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Proposisjon om Stortingsmelding som nå er sendt ut til kommunane, inneheld mellom anna forslag om å lovfesta at møter i kontrollutvalet skal vera opne. Dette vil det, mest truleg, bli fleirtal for i Stortinget. Tidspunkt når dette vil gjelda frå er det ikkje kome signal om ennå.</li> </ul> <p>Kontrollutvalet vil at sak for å ta stilling til om kontrollutvalet i Samnanger kommune skal innføra opne møter, vert teke opp på neste møte.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Melding om at KOFA har avgjort innklaga sak om ”direkte ulovleg anskaffelser” i BIR. Samnanger er ein av eigarkommunane i BIR, og her er alle eigarkommunane dømd til å betala bøter for brot på reglement for innkjøp av tenester.</li> </ul> <p>Ordførar opplyste at eigarkommunane har klaga avgjerda inn for departementet. Kontrollutvalet vil ha melding om kva svar ein får frå departementet.</p>

## VEDTAK

Meldingane vert tekne til orientering. Nokre av meldingane skal følgjast opp.

## 20/12 ORIENTERINGSSAKER

Desse orienteringssakene vart lagt fram:

Nr.	Orientering frå:	Orientering vedrørande:
1	Rådmann / administrasjonen	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Om arbeid med oppfølging etter tilsyn frå Fylkesmannen vedr. psykososialt arbeidsmiljø i barne- og ungdomsskulen</li> </ul>
2	Rådmann / administrasjonen	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Om arbeid med oppfølging etter forvaltningsrevisjon av pleie og omsorg</li> </ul>
3	Sekretariatet	Presentasjon av kontrollutvalet for kommunestyret 20.06.12.
4	Sekretariatet	Notat om aktuelle emne som kontrollutvalet ønskjer å få meir kunnskap om
5	Sekretariatet	Møteplan for hausten. Framlegg til møtedatoar: <ul style="list-style-type: none"> <li>• 13. september</li> <li>• 29. november</li> </ul>
		Ymse

## FORSLAG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet tek orienteringane til orientering.

## HANDSAMING I MØTET

Nr.	Orientering frå:	Orientering vedrørande:
1	Rådmann / administrasjonen	<p>Vedr. orientering om arbeid med oppfølging etter tilsyn frå Fylkesmannen vedr. psykososialt arbeidsmiljø i barne- og ungdomsskulen:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Det skal sendast rapport tilbake til Fylkesmannen innan 10.juni. Rapporten er ennå ikkje klar, men kontrollutvalet vil få kopi når den er klar</li> </ul>

2	Rådmann / administrasjonen	<p>Rådmann orienterte om arbeid med oppfølging etter forvaltningsrevisjon av pleie og omsorg. På generelt grunnlag vart det m.a. drøfta</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Kva kompetanse kontrollutvalet skal etterspørja for å gjennomføra forvaltningsrevisjonar.</li> <li>• Det er viktig å kommunisera og leggja fram budskapet i rapportar etter forvaltningsrevisjonar på ein forståeleg og god måte.</li> <li>• Konklusjonen etter denne generelle drøftinga vart at det kan vera aktuelt å gjennomføra eit kurs i forvaltningsrevisjon der både politikarar og administrasjon deltek. Tema ein bør ta opp er: <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Gjennomføring av forvaltningsrevisjonar, føremål, prioritering av områder, kva er gode forv.revisj.prosjekt, bestilling og ressursbruk.</li> <li>○ Roller for kontrollutval, kommunestyret og administrasjon når det gjeld slikt arbeid.</li> </ul> </li> </ul> <p>Når det gjeld arbeid med oppfølging etter forvaltningsrevisjon av pleie og omsorg orienterte rådmann om at det bland anna er utarbeida nye rutinar for gjennomføring av enkeltvedtak, opplæring i økonomistyring og budsjettering for pleie- og omsorgssektoren er gjennomført og skal vidareførast. Det vert og arbeidd med rutinar for dokumentasjon av aktivitetar, ressursbehov og økonomistyring innan sektoren. Det skal gjevast melding tilbake til kommunestyret om dette arbeidet, og kontrollutvalet ber om å få kopi av notatet som skal leggst fram. Kontrollutvalet vil halda seg orientert om korleis oppfølgingsarbeidet vert vidareført, og vil be om orientering om dette på eit seinare tidspunkt.</p>
3	Sekretariatet	<p>Opplegg for presentasjon av kontrollutvalet for kommunestyret 20.06.12. vart gjennomgått og kommentert. Sekretariatet førebur presentasjonen ut frå innspel som er kome i møtet frå kontrollutvalet.</p>
4	Sekretariatet	<p>Vedr. aktuelle emne som kontrollutvalet ønskjer å ta opp vidare framover, vart det vedteke at utvalsleiar i samråd med sekretariat set opp ei prioritering av viktige orienteringssaker til hausten. Viktigaste aktuelle emne er "Samhandlingsreforma" og opplæring i "Forvaltningsrevisjon"</p>
5	Sekretariatet	<p>Møteplan for hausten. Framlegg til møtedatoar:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• 13. september</li> <li>• 29. november</li> </ul> <p>Kontrollutvalet går inn for at møtedatoane vert sett opp for hausten, og at dei evt. vert tilpassa / endra når kommunestyret sin møteplan er klar.</p>
		<p>Ymse</p> <p>Ordførar orienterte kort om situasjonen i Nordheimsund Industrier AS, der er meldt om utfordringar når det gjeld økonomi og drift i selskapet. Samnanger kommune har ein liten eigarandel. Det er teke initiativ til eigarmøte, og det er kome inn nye eigarar. Kontrollutvalet ønskjer å halda seg orientert om kva som skjer vidare framover.</p>

## VEDTAK

Kontrollutvalet tek orienteringane til orientering. Nokre av orienteringssakene skal følgjast opp.

## 21/12 PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON 2012 - 2016

FORSLAG TIL VEDTAK: (Endeleg vedtak i kontrollutvalet, dersom utvalet si handsaming inneber redigeringar i utkastet til plan)

1. Deloitte AS vart beden om å redigere plan for forvaltningsrevisjon i tråd med dei endringane som kjem fram i møtet.
2. Kontrollutvalsleiar, i samråd med sekretariatet, får fullmakt til å godkjenne endeleg versjon av planen.

3. Endeleg plan vert å sende sekretariatet innan ....., slik at den kan leggjast fram for kommunestyret i møtet 20.06.2012.

**FORSLAG TIL INNSTILLING:** (Endeleg vedtak i kommunestyret)

1. Framlegg til plan for forvaltningsrevisjon vert vedteken slik den ligg føre.
2. Planen erstattar tilsvarande plan for perioden 2008 – 2012.
3. Planen gjeld for resten av valperioden, 2011 – 2015, og fram til ny plan etter intensjonen vert vedteken i 2016.
4. Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet med å foreta endringar og omprioriteringar i planen, samt til å kunna definera og avgrensa konkrete prosjekt innafor dei utvalde områda i planen.
5. Planen skal reviderast og evaluerast minst ein gong i valperioden. Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjera denne ”revisjonen” og evalueringa.
6. Kontrollutvalet skal rapportere resultatet av forvaltningsrevisjonar til kommunestyret minst ein gong kvart år. Viktige revisjonsrapportar skal leggjast fram for kommunestyret etter kvart.

**HANDSAMING I MØTET:**

Kari Gaasemyr frå Deloitte var tilstades under handsaminga av saka. Ho gjennomgjekk kva prosjekt som nå er sett opp som prioriterte, og svara på spørsmål frå kontrollutvalet. Planen med prioriteringar vart drøfta, og kontrollutvalet fann at dette er i tråd med prioriteringar som er gjort undervegs i prosessen.

Korleis planen skal presenterast for kommunestyret vart og drøfta. Det var semje om at analysedokumentet også bør leggast fram saman med planen. Det var og semje om at Deloitte bør presentera planen i kommunestyremøte.

Kontrollutvalet ønskte ikkje å gjera endringar i plan for forvaltningsrevisjon, og første del av forslag til vedtak går då ut. Forslag til innstilling til kommunestyret vart samrøystes vedteke.

**FORSLAG TIL INNSTILLING:**

1. Framlegg til plan for forvaltningsrevisjon vert vedteken slik den ligg føre.
2. Planen erstattar tilsvarande plan for perioden 2008 – 2012.
3. Planen gjeld for resten av valperioden, 2011 – 2015, og fram til ny plan etter intensjonen vert vedteken i 2016.
4. Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet med å foreta endringar og omprioriteringar i planen, samt til å kunna definera og avgrensa konkrete prosjekt innafor dei utvalde områda i planen.
5. Planen skal reviderast og evaluerast minst ein gong i valperioden. Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjera denne ”revisjonen” og evalueringa.
6. Kontrollutvalet skal rapportere resultatet av forvaltningsrevisjonar til kommunestyret minst ein gong kvart år. Viktige revisjonsrapportar skal leggjast fram for kommunestyret etter kvart.

**22/12 PLAN FOR SELSKAPSKONTROLL 2012 - 2016**

**FORSLAG TIL VEDTAK** (Endeleg vedtak i kontrollutvalet, dersom utvalet si handsaming inneber redigeringar i utkast til plan):

7. Kontrollutvalet ber Deloitte om å redigere plan for selskapskontroll i tråd med dei endringane som kjem fram i møtet.
8. Kontrollutvalsleiar, i samråd med sekretariatet, får fullmakt til godkjenne endeleg versjon av planen.
9. Endeleg plan vert å sende sekretariatet innan ..... slik at den kan leggjast fram for kommunestyret i møte 20.06.12.

**FORSLAG TIL INNSTILLING:** (Endeleg vedtak i kommunestyret)

1. Framlegg til plan for selskapskontroll vert vedteken slik den ligg føre. Planen erstattar tilsvarande plan for perioden 2008 – 2012

2. Planen gjeld for resten av valperioden, 2011 – 2015, og fram til ny plan etter intensjonen vert vedteken i 2016.
3. Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjera endringar og omprioriteringar i planen. Kontrollutvalet vil rapportere til kommunestyret om kva kontrollar som er gjennomførte og resultat av desse.
4. Planen skal reviderast og evaluerast minst ein gong i valperioden. Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjera denne "revisjonen" og evalueringa.
5. Kontrollutvalet skal rapportere resultatet av selskapskontrollar til kommunestyret minst ein gong kvart år. Viktige revisjonsrapportar skal leggjast fram for kommunestyret etter kvart.

#### HANDSAMING I MØTET

Kontrollutvalet drøfta planen med prioriteringar og fann at dette er i tråd med dei drøftingar som utvalet har hatt undervegs i prosessen. Det vart og drøfta korleis planen skal presenterast for kommunestyret, og det var semje om at analysedokumentet også bør leggast fram saman med planen. Det var og semje om at Deloitte bør presentera planen i kommunestyremøte.

Kontrollutvalet ønskte ikkje å gjera endringar i plan for forvaltningsrevisjon, og første del av forslag til vedtak går då ut. Forslag til innstilling til kommunestyret vart samrøystes vedteke.

#### FORSLAG TIL INNSTILLING:

1. Framlegg til plan for selskapskontroll vert vedteken slik den ligg føre. Planen erstattar tilsvarande plan for perioden 2008 – 2012
2. Planen gjeld for resten av valperioden, 2011 – 2015, og fram til ny plan etter intensjonen vert vedteken i 2016.
3. Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjera endringar og omprioriteringar i planen. Kontrollutvalet vil rapportere til kommunestyret om kva kontrollar som er gjennomførte og resultat av desse.
4. Planen skal reviderast og evaluerast minst ein gong i valperioden. Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjera denne "revisjonen" og evalueringa.
5. Kontrollutvalet skal rapportere resultatet av selskapskontrollar til kommunestyret minst ein gong kvart år. Viktige revisjonsrapportar skal leggjast fram for kommunestyret etter kvart.

#### 23/12 GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR

##### FORSLAG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet tek møteprotokollane til orientering.

##### HANDSAMING I MØTET

Møteprotokollar og saklister / innkallingar vart gjennomgått og kommentert. Nokre av sakene vart drøfta, men på noverande tidspunkt var det ingen saker ein ville gå vidare og undersøkje nærmare. Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

##### VEDTAK:

Kontrollutvalet tek møteprotokollane til orientering.

##### YMSE

Ingen saker å ta opp under dette punktet.

Jens Harald Abotnes  
Leiar

Kari Nygard  
Sekretær





## SAKSFRAMLEGG

**Til:** Kontrollutvalet

**Dato:** 13. september 2012

**Sakshandsamar:** Kari Nygard

**Kopi til:**

**Sak:** 26/12

### 26/12 MELDINGAR OG UTVALET SITT KVARTER

Nr.	Melding frå:	Melding vedr.:
1	Kontrollutvalet	Utvalet sitt kvarter
2	Fylkesmannen	Budsjettbrev frå Fylkesmannen – budsjett og økonomiplan 2012 - 2015
3	Sekretariatet	Invitasjon til kontrollutvalet å drøfta kurs / opplæring med tema "Forvaltningsrevisjons-arbeid".
4	Revisorforeningen	Mail vedr. "Intern kontroll og forvaltningsrevisjon i kommunene"
5	Kommunestyret	Aktuelle vedtak å melda til kontrollutvalet: <ul style="list-style-type: none"> <li>• Vedtak i sak "Plan for forvaltningsrevisjon"</li> <li>• Vedtak i sak "Plan for selskapskontroll"</li> <li>• Vedtak i sak "Årsmelding for kontrollutvalet"</li> </ul>
6	Rådmann / administrasjonen	Tilbakemelding frå / til Fylkesmannen etter "Rapport frå tilsyn vedr. psykososialt arbeidsmiljø i barne- og ungdomsskulen"
7	Sekretariatet	Status for kontrollutvalet sitt budsjett pr. august 2012
	Evt. andre meldingar	Ymse

### [FORSLAG TIL VEDTAK](#)

[Meldingane vert tekne til orientering.](#)

Hogne Haktorson  
Kontrollsjef

Kari Nygard  
Seniorrådgjevar

### VEDLEGG:

- Budsjettbrev frå Fylkesmannen
- Utdrag frå Kontrollutvalsboka vedr. "Forvaltningsrevisjonsarbeid"
- Kopi av mail frå Revisorforeningen
- Aktuelle vedtak frå kommunestyret
- Melding frå administrasjonen vedr. stoda når det gjeld tilsynssak (vert lagt fram i møte)
- Rekneskapsstoda for kontrollutvalet sitt budsjett



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Edvard Høgestøl, 55 57 20 45

Vår dato  
14.04.2012  
Dykkar dato  
05.01.2012

Vår referanse  
2012/653 331.1  
Dykkar referanse

Samnanger kommune  
Kommunehuset  
5650 Tysse

### Samnanger kommune - budsjett og økonomiplan 2012 - 2015

Fylkesmannen har motteke særutskrift av kommunestyresak om budsjett for 2012, vedteke i kommunestyremøte 15.12.2011, og økonomiplan 2012 - 2015, vedteke i kommunestyremøte 22.06.2011.

*Kommunen er ikkje under statleg kontroll og godkjenning etter kommunelova § 60.*

Etter § 15 i forskrifter om årsbudsjettet skal årsbudsjettet, slik det er vedteke av kommunestyret, liggja føre som eige dokument innan 15. januar. Økonomiske oversyn må vera utarbeidd innan 1. mars i budsjettåret.

Etter kommunelova § 45 tredje punkt skal innstillinga til årsbudsjett ha vore lagt ut til offentleg gjennomsyn i minst 14 dagar før handsaming i kommunestyret.

Skatteøyret for personlege skattytarar blei redusert frå 2010 til 2011. Reduksjonen blei gjort for å redusera skatteinntektene sin del av samla inntekter. Samla for kommunane svarar dette til ein like stor auke i den statlege rammeoverføringa. For 2012 er skatteøyret for kommunane 11,6 %.

#### Frie inntekter

Kommunen har budsjettert med kr 48.465.388,- i skatt på eige og inntekt for 2012.

I 2011 var det ein samla skattereduksjon for kommunane i landet på 3,2 %. Det er no rekna med ein skatteauke for kommunane frå 2011 til 2012 med 2,9 %.

Kommunen sitt skattenivå i 2011 var 94,6 % av landsgjennomsnittet.

I rammeoverføring til kommunane er det symmetrisk inntektsutjamning. Kommunar med skattenivå over landsgjennomsnittet får eit trekk i 2012 tilsvarande 60 % av differansen mellom eige skattenivå og landsgjennomsnittet.

Kommunar med skattenivå under landsgjennomsnittet får kompensasjon i 2012 tilsvarande 60 % av differansen mellom landsgjennomsnittet og eige skattenivå. Kommunar med skattenivå under 90 % av landsgjennomsnittet får også tilleggskompensasjon tilsvarande 35 % av differansen mellom 90 % av landsgjennomsnittet og eige skattenivå.

Kommunen sine frie inntekter består av ordinær skatt og statleg rammeoverføring, medrekna inntektsutjamning. Sum frie inntekter er budsjettert til kr 122,77 mill.

Inntektsprognosen for 2012 er no oppdatert med innbyggjartal pr. 01.01.2012 og innkomen skatt i 2011. Grunnlaget for inntektsutjamninga vil vere innbyggjartal pr. 01.01.2012. For innbyggjartilskot og aldersfordelinga i utgiftsutjamninga er grunnlaget innbyggjartal pr. 01.07.2011.

Noverande inntektsprognose er kr 126,6 mill. Kommunen har altså budsjettert dei frie inntektene forsiktig.

### **Eigedomsskatt**

Det er budsjettert med kr 9,38 mill i eigedomsskatt for 2012. Det er ei mindre auke frå året før. Kommunen legg til grunn auke på respektive kr 1,5 mill og kr 2,- mill i 2014 grunna takstheving. Det ligg også inne eigedomsskatt frå Børdal frå 2013.

Takstgrunnlaget er verk og bruk og skattesatsen er 7 promille.

### **Løns- og prisauke**

Prisindikatoren for kommunesektoren for 2012 er i statsbudsjettet 3,25 %. Denne består av pårekna lønsvekst med 4,0 % (vekt 0,635) og varekjøp med 2,0 % (vekt 0,365).

### **Avdrag**

I økonomireglane er det gitt minimumskrav for storleiken på årlege avdrag. Etter kommunelova § 50 sjuande ledd kan gjenståande løpetid for kommunen si samla gjeldsbyrde ikkje overstiga den vegde levetida for kommunen sine anleggsmidlar ved det siste årsskiftet.

Kommunelova set eit minstekrav til totale låneavdrag for kommunen. Ein hovudregel vil vere at årlege låneavdrag som eit minimum må utgjere om lag 3 ½ - 4 % av lånegjelda (når formidlingslån og avdrag på slike lån ikkje er rekna med).

Det er budsjettert med kr 4,67 mill i ordinære avdrag (utanom avdrag på formidlingslån). Kommunen har tradisjonelt hatt ein sunn profil på avdrag (dvs relativt høgt).

Ser vi på førebelse KOSTRA-tal for 2011 er ordinær gjeld kr 116,- mill. Avdrag for 2012 tilfredsstiller difor likevel tilrådinga til tross for store låneopptak i 2011 og budsjetterte opptak i 2012.

### **Driftsresultat**

Kommunelova § 46 punkt 6 legg til grunn at det blir budsjettert med eit driftsresultat som minst er tilstrekkeleg til å dekkja renter, ordinære avdrag og nødvendige avsetjingar (inkl. inndekning av underskot).

Paragraf 3 i forskriftene om årsrekneskapen presiserer nærare det driftsrekneskapen og investeringsrekneskapen skal omfatte. Som hovudregel må til dømes ei inntekt og innbetaling som ikkje er ordinær bli ført i investeringsrekneskapen.

Frå og med 2010 har det vore endring i korleis kommunane kan disponera momsrefusjon frå investeringar. Det er ein overgangsperiode frå 2010 og fram til 2014. For budsjettåret 2012

skal minimum 60 % av meirverdiavgiftskompensasjonen frå investeringar bli overført til investeringsrekneskapen. Budsjettforskrifta § 5 og rekneskapsforskrifta § 3 er endra i samsvar med dette. Denne overføringa til investeringsrekneskapen må bli gjennomført sjølv om ein kommune eventuelt har meirforbruk i årsrekneskapen for det same året eller frå tidlegare år.

Budsjettet legg opp til overføring til investeringsrekneskapen med kr 8,45 mill. Fylkesmannen legg til grunn at kommunen si overføring til investering tilfredsstillar budsjett- og rekneskapsforskrifta kva gjeld 60 prosent av investeringsdelen av momskompensasjon.

Netto driftsresultat i budsjettet er berekna til kr 4,55 mill.

Det er tilrådd generelt at kommunane bør ha eit netto driftsoverskot i rekneskapen på minimum 3 % av driftsinntektene. Det er viktig for å kunne setje av midlar til å møte ei mellombels ubalanse på drifta og til finansiering av investeringar no eller seinare.

Kommunen tilfredsstillar ikkje heilt tilrådinga for 2012. Førebelse tal for 2011 syner netto driftsresultat på kr 5,78 mill.

Kommunen handsamar økonomiplanen i juni. I denne er resultatane svakare for 2012 enn budsjettet. Betringa skuldast auka rammetilskot og eigedomsskatt. Utover i perioden er resultatane svakare.

Kommunen vedtar justeringar i økonomiplan saman med budsjetthandsaminga.

### **Investering, lånegjeld og kapitalutgifter**

I 2012 er det planlagt investeringar for til saman kr 56,66 mill.

Den klart største investeringa er i år som i fjor Samnanger barneskole (kr 27,32 mill brutto i 2012, tilsvarande i 2011). Andre investeringar av nokon storleik er vassforsyning Frøland (kr 7,72 mill), Samnangerheimen (kr 6,9 mill), ombygging Nordbygda barnehage (kr 5,26 mill), industriområde Rolvsvåg (kr 3,75 mil) og rehabilitering kommunehuset (kr 4,- mill).

Berre om lag kr 8,- mill er knytt til VAR (som er potensielt sjølvfinansierande) i 2012.

Investeringane vert finansierte med lån, stort kr. 46,53 mill og elles med overføringar frå driftsrekneskapen (kr 8,45) og fond (kr 1,21 mill). Av lånefinansiering er kr 25,5 mill nye lån i 2012, mens det resterande er unytte lånemiddel frå tidligare år.

Det vert ikkje tatt opp lån til vidare utlån i 2012 (startlån).

I den vidare økonomiplanperioden er det lagt opp til store investeringar i 2013, mens det tilsynelatande ikkje er mykje som skjer i dei to siste åra (og ingenting i 2015).

Vi har rekna ordinær langsiktig gjeld pr. 31.12.2010 pr innbyggjar for kommunane i fylket utanom Bergen til om lag kr 54.180,-. I dette talet er ikkje pensjonsforplikting medrekna. Det tilsvarande talet for kommunen var kr 38.322,-.

Det generelle gjeldsnivået for kommunane i landet har auka vesentleg dei seinaste åra, og nivået må no bli vurdert som høgt. Kommunane samla i fylket utanom Bergen har no eit gjeldsnivå pr innbyggjar som ligg 7,2 prosent høgare enn landsgjennomsnittet (utanom Oslo).

Førebelse tal for 2011 syner at kommunen sin ordinære lånegjeld pr innbyggjar er auka til kr 47.990,-. Det er ei kraftig auke frå året før.

### **Oppsummering**

Dei frie inntektene for 2012 er budsjettert forsiktig.

Kommunen vert sett på som objektivt tungdriven (14,21 % over snitt for 2012) og vert kompensert for dette over utgiftsutjamninga, mens skattenivået berre ligg litt under gjennomsnitt for landet. Kommunen har difor måteleg høge frie inntekter, og i tillegg god inntekt frå eigedomsskatt.

Samstundes er det rimelig å anta at kommunen har relativt god kostnadskontroll, og i fire av dei seks siste år har kommunen innfridd tilrådinga om eit netto driftsresultat på 3 % eller meir av brutto driftsinntekter.

Kommunen har tradisjonelt hatt lav grad av lån, men dei seinare åra er lånetrongen blitt sterkare. Det vert framleis lagt vekt på ansvarleg avdragsprofil, og det er positivt.

Fylkesmannen vil gjere merksam på at så vel budsjett som økonomiplan skal verte sendt til departementet (les Fylkesmannen) med tilhøyrande vedtaksprotokollar så snart som naturleg er.

Det skjer lite utover i økonomiplanen, med unntak av investeringane dei første åra i perioden. Fylkesmannen minner om kommunelova § 44 som seier at kommunen skal vedta ein plan for dei fire neste budsjettåra, som skal omfatte heile kommunen si verksemd. Kommunen hand-samar no økonomiplanen separat. Dette skulle gje tid til arbeidet.

Ved dette høve vil vi også minne om den nye rettleiaren frå Kommunal- og regional-departementet («Budsjettering av investeringer og avslutning av investeringsregneskapet»).

Med helsing

Lars Sponheim

Rune Fjeld  
ass. fylkesmann

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til:  
Deloitte Postboks 6013, Sentrum 5892 BERGEN



# UTDRAG FRÅ KONTROLLUTVALS BOKA.

## 7.

### Forvaltningsrevisjon


Forvaltningsrevisjon er eit verktøy som kommunestyret og kontrollutvalet skal nytte for å sikre at kommunen på best muleg måte tek omsyn til innbyggjarane sine behov og rettar. Forvaltningsrevisjon er ein av dei pålagde oppgåvene til kontrollutvalet. Gjennom forvaltningsrevisjon kan kontrollutvalet undersøkje om kommunen etterlever regelverk, når fastsette mål, og om ressursane blir forvalta på ein effektiv måte.<sup>1</sup>

Kontrollutvalet skal, innanfor dei rammene som er gjevne av kommunestyret, velje tema og utforme problemstillingar basert på ei risiko- og vesentlegvurdering. Kontrollutvalet bestemmer korleis kommunen skal nytte ressursane som er løyvde til forvaltningsrevisjon, og revisjonen skal gjennomføre forvaltningsrevisjonsprosjekt i samsvar med faglege krav.

Sjølv om det er spesifikke krav til gjennomføring av ein forvaltningsrevisjon, er det viktig at kontrollutvalet involverer seg i val av problemstillingar, avgrensingar og tilnærming. Forvaltningsrevisjon gjev kontrollutvalet høve til å fordjupe seg i ulike sakstilhøve, innan eitkvart verksemdsområde i kommunen. Forvaltningsrevisjon vil difor kunne vere nyttig både for utvalet si kontrollverksemd og for internkontrollen og forbetringsarbeidet i kommunen.

*"Kontrollutvalgets arbeid er særleg viktig som ein del av arbeidet med å avbote svikt og manglar, samt avdekke risiko for svikt og lovbrot. Forvaltningsrevisjon kan vere eit særst nyttig supplement til utvikling av tenesteproduksjonen, både for å sikre lovmessige og forsvarlege tenester, men også som forklaring på økonomiforbruk."*  
(Administrasjonssjef, Bygland)

*Forvaltningsrevisjon er eit verktøy som kommunestyret og kontrollutvalet skal nytte for å sikre at kommunen på best muleg måte tek omsyn til innbyggjarane sine behov og rettar.*



<sup>1</sup> Sjå Andersen m.fl. (2006) og Riksrevisjonen (2004).



## Forvaltningsrevisjon

I regelverket blir forvaltningsrevisjon definert som systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknader ut frå kommunestyret sine vedtak og føresetnader.<sup>2</sup> Til trass for fokuset på økonomi og produktivitet i definisjonen er forvaltningsrevisjonar på ingen måte avgrensa til undersøkingar av økonomiforvaltninga i kommunen.

### Fakta



#### Ulike tilnærmingar i forvaltningsrevisjonar

I forskrift om revisjon § 7 blir det nærare spesifisert ulike typar undersøkingar som kan vere aktuelle i forvaltningsrevisjonar. Dette omfattar vurderingar knytte til:

- vedtaksoppfølging
- effektivitet og måloppnåing
- regeletterleving
- om styringsverktøya er føremålstenlege
- sakshandsaminga i administrasjonen
- resultat av tenesteproduksjonen i kommunen

Forvaltningsrevisjonar kan gjennomførast innanfor alle kommunale tenesteområde, til dømes innanfor opplæring, helse og sosial eller plan- og byggjesak. Gjennom arbeidet med plan for forvaltningsrevisjon gjer kontrollutvalet risiko- og vesentlegvurderingar som vil danne bakgrunnen for prioritering og val av forvaltningsrevisjonsprosjekt (sjå kapittel 6).

I figuren under er det vist døme på aktuelle område og tema for gjennomførte forvaltningsrevisjonar.


Område:	Tittel på forvaltningsrevisjon:	Kontrollutval:	Årstal:
Tekniske tenester, byggesak og eigedom	«Vann og avløp Ski kommune»	Ski kommune	2010
	«Arealplanlegging i Fitjar kommune»	Fitjar kommune	2010
	«Offentlige anskaffelser - følges regelverket?»	Hemnes kommune	2009
Sosial- og helse-tenester	«Sykefravær - Forebygging, tiltak og oppfølging i hjemmetjenesten - Selbu»	Selbu kommune	2010
	«Kvalitet i helseinstitusjonene»	Oppegård kommune	2009
	«Barn i fosterhjem»	Enebakk kommune	2008
	«Misligheter ved frivillig forvaltning av klientmidler i sosialtjenesten - Bydel Grorud»	Oslo kommune	2010
Økonomi og administrasjon	«Overordna økonomistyring og rapportering»	Frøya kommune	2009
	«Regelverksdatabasen - fungerer den som forutsatt? »	Oslo kommune	2010
	«Kommunen som arbeidsgiver. Delegasjon og oppfølging av nyansatte»	Namskogan kommune	2009
	«Forvaltningsrevisjon av prosjektstyring i Klepp kommune»	Klepp kommune	2010
	«Forvaltningsrevisjon av vedtaksoppfølging»	Vik kommune	2010
Opplæring	«Ivaretar STFK elevenes rett til opplæring ved lærerfravær?»	Sør-Trøndelag fylkeskommune	2010
	«Beredskap i den videregående skole»	Nordland fylkeskommune	2010
	«Minoritetsspråklege elevar sine rettar i vidaregåande skule»	Sogn og Fjordane fylkeskommune	2010
	«Regeletterleving i grunnskulen»	Bømlo kommune	2008
IKT	«Informasjonssikkerhet og IT-drift»	Oppegård kommune	2007
	«IT-revisjon av gravferdssystemet Ecclesia i Oslo kommune»	Oslo kommune	2009
	«Informasjonssikkerhet og behandling av personopplysninger i Bergen kommune»	Bergen kommune	2009
	«Forvaltningsrevisjon av informasjonstryggleik, arkivering og offentliggjerding»	Lindås kommune	2010
Samferdsle	«Kjøp av kollektivtenester i Hordaland fylkeskommune»	Hordaland fylkeskommune	2008
	«Implementering av nytt billetteringssystem i Hordaland»	Hordaland fylkeskommune	2010
	«Risikostyring og - ledelse - Samferdsel»	Oppland fylkeskommune	2008
	«Vegvedlikehold og intern kontroll»	Nord-Trøndelag fylkeskommune	2009
Kultur	«Kultur og næring»	Tønsberg kommune	2010
	«Regionalt utviklingsprogram (RUP). Foranalyse til forvaltningsrevisjon»	Nord-Trøndelag fylkeskommune	2009
	«Samiske språkmidler i Tana kommune»	Tana kommune	2008
	«Forvaltning av tilskuddsordningar i Kultur- og miljøavdelingen»	Nordland fylkeskommune	2008
Etikk	«Ethiske retningslinjer i Nordland fylkeskommune»	Nordland fylkeskommune	2009

## Rolla til kontrollutvalet i forvaltningsrevisjonsprosessen

Kontrollutvalet skal sjå til at det årleg blir gjennomført forvaltningsrevisjon.<sup>3</sup> Sjølv om det er revisor som gjennomfører forvaltningsrevisjonane, har kontrollutvalet ei sentral rolle gjennom heile forvaltningsrevisjonsprosessen. Fasane i eit forvaltningsrevisjonsprosjekt, sett frå kontrollutvalet sin ståstad, vil vere:

- bestilling og val av tema, føremål og problemstillingar
- halde seg orientert undervegs
- mottak og handsaming av forvaltningsrevisjonsrapport
- rapportering til kommunestyret
- oppfølging av vedtak

Revisor utfører forvaltningsrevisjonar på vegner av kontrollutvalet, og er ansvarleg for at gjennomføringa er i samsvar med regelverk og standard for forvaltningsrevisjon.<sup>4</sup> I revisjonsprosessen er det viktig med ein god dialog mellom kontrollutvalet og revisor. Figuren under viser kontrollutvalet og revisjonen sine respektive oppgåver i ein forvaltningsrevisjon.



<sup>3</sup> Kontrollutvalgsforskriften § 9.

<sup>4</sup> NKRF har utarbeidd ein norsk standard for gjennomføring av forvaltningsrevisjon, RSK 001 (Norges Kommunerevisorforbund [NKRF] 2005), som gjev retningslinjer for kva som er god kommunal revisjonsskikk i forvaltningsrevisjon.

## Bestilling

Bestilling av ein forvaltningsrevisjon skal ta utgangspunkt i plan for forvaltningsrevisjon. Kontrollutvalet kan også bli gjort kjent med saker det er knytt risiko til, som gjer at dei vil gjennomføre eit forvaltningsrevisjonsprosjekt som ikkje står i planen for forvaltningsrevisjon. For å kunne bestille ein forvaltningsrevisjon må kontrollutvalet ha tilgjengelege budsjettmidlar (sjå kapittel 2). Viss ikkje utvalet har midlar, kan det be kommunestyret om ei ekstra løyving. Kommunestyret kan også bestille ein forvaltningsrevisjon.

Det er ved bestillinga av det enkelte forvaltningsrevisjonsprosjektet at kontrollutvalet har størst innverknad på problemstillingane som skal undersøkast, og dermed kva prosjektet skal gje svar på. Det er difor viktig at kontrollutvalet brukar tid på bestillingsprosessen, for å sikre at prosjektet blir gjennomført i samsvar med utvalet sine ynske.

Den overordna analysen som dannar grunnlag for plan for forvaltningsrevisjon vil normalt vere avgjerande for kva som blir hovudfokus i dei enkelte prosjekta, og kva undersøkingsperspektiv som skal leggjast til grunn.

Ein forvaltningsrevisjon om rusomsorg i ein kommune kan til dømes ha eit organisasjonsperspektiv, regeletterlevingsperspektiv eller brukarperspektiv. Ofte vil det vere fornuftig å kombinere fleire perspektiv i ei og same undersøking. Perspektiva vil kome til uttrykk gjennom måten problemstillingane er formulerte. Figuren under viser døme på ulike perspektiv som kan nyttast i forvaltningsrevisjonar, avhengig av kva som er føremålet med undersøkinga.

## Forvaltningsrevisjonsprosjekt

### Fakta

#### Innhente tilbod

I tilfelle der kommunen ikkje har fast avtale om utføring av forvaltningsrevisjon, må kontrollutvalet hente inn tilbod for gjennomføring av prosjekta i samsvar med lov om offentlege anskaffingar og kommunen sine egne retningslinjer på området. Val av revisor for oppdraget må innstillast til kommunestyret som vedtek val av revisor (sjå kapittel 3).

*"Kontrollutvalget må vere veldig noye på 'spissing' av bestillinga. Revisor og kontrollutvalg må ha same oppfatting av kva som blir bestilt! Bruk tid på bestillinga! Viktig å få løpande orientering om fremdrifta frå revisor. Og rapporten må leverast på avtalt tidspunkt, for det er viktig at den ikkje er utdatert pga. for lang leveringstid."*  
(Kontrollutvalsleiar, Gulen)

- ◀ kvalitetsperspektiv
- ◀ brukarperspektiv
- ◀ vedtaksperspektiv
- ◀ økonomisk perspektiv
- ◀ internkontrollperspektiv
- ◀ organisasjonsperspektiv
- ◀ systemperspektiv
- ◀ regeletterlevingsperspektiv
- ◀ styringsperspektiv
- ◀ leiingsperspektiv
- ◀ produktivets- og effektivitetsperspektiv
- ◀ mål- og resultatperspektiv

Eit vanleg utgangspunkt for å bestille ein forvaltningsrevisjon er at utvalet drøftar bakgrunnen for og formålet med prosjektet, og mulege problemstillingar. Drøftingane dannar grunnlag for å be revisor utarbeide ein prosjektplan, eller for å utlyse ein konkurranse der revisor må utarbeide eit tilbod basert på kontrollutvalet sine spesifikasjonar. Dersom kommunen har ein fast revisjon er det ein føremon at revisjonen er til stades ved bestilling av prosjektet, slik at revisor får informasjon om kontrollutvalet sine intensjonar med prosjektet.

I prosjektplanen (eventuelt tilbodet) som revisor utarbeider blir kontrollutvalet sine innspel operasjonaliserte med føremål og problemstillingar. Det er også viktig at det går fram kva kriterium revisjonen vil leggje til grunn, metodebruk og planlagd tids- og ressursbruk. Då vil kontrollutvalet ha eit grunnlag for å vurdere ressursinnsats i høve til prosjektgjennomføring. Ein tids- og ressursplan kan til dømes utformast slik:

### Tips



### Innhaldet i ein prosjektplan

- bakgrunn
- føremål
- problemstillingar
- revisjonskriterium
- metode
- tids- og ressursbruk

Aktivitet	Tidsperiode	Tlmetar
Prosjektplanlegging		
Utarbeide revisjonskriterium		
Dokumentinnhenting og førebels analyse		
Dokumentanalyse		
Utforme spørjeundersøking		
Gjennomføre spørjeundersøking		
Førebu og gjennomføre intervju		
Verifisere intervju		
Datainnsamling ferdig		
Statusrapportering til kontrollutvalet		
Analyse av data		
Skrive rapport		
Verifisering av datadelen i rapporten		
Sende rapport på høyring		
Levere rapport til kontrollutvalet		
Presentere rapport for kontrollutvalet		
Delta ved handsaming av saka i kommunestyret		
<b>Totalt tal timar</b>		

Prosjektplanen blir send til sekretariatet, som ser til at planen er i samsvar med bestillinga frå kontrollutvalet. Kontrollutvalet handsamar prosjektplanen, og kan godkjenne han med eller utan endringar. Dersom utvalet ynskjer vesentlege endringar i prosjektplanen som er lagd fram, vil det vere naturleg å be revisor om å utarbeide ein revidert plan som kan handsamast på etterfølgjande møte. Dersom dette medfører store forseinkingar, kan kontrollutvalet gje kontrollutvalsleiar, eventuelt i samarbeid med kontrollutvalssekretæren, fullmakt til å godkjenne den reviderte planen.

### Problemstillingar

I bestillingsprosessen må kontrollutvalet leggje spesiell vekt på utforminga av problemstillingane for prosjektet. Problemstillingane dannar i stor grad ramma for datainnsamling, analyseperspektiv og kva resultat undersøkinga kan kome fram til. Ordtaket «som ein spør får ein svar», er i høgste grad gjeldande her. Før bestilling av eit forvaltningsrevisjonsprosjekt, er det viktig at kontrollutvalet vurderer om problemstillingane er godt formulerte, og om dei er i samsvar med utvalet sine intensjonar for undersøkinga.

Problemstillingar vil som regel vere formulerte som spørsmål. Detaljeringsgraden i problemstillingane kan variere. Svært detaljerte problemstillingar vil gjerne gje svar som er knytte til eit svært avgrensa område, medan svært vide problemstillingar kan resultere i at undersøkinga ikkje blir tilstrekkeleg målretta og fokusert. Talet på problemstillingar i ein forvaltningsrevisjon kan også variere. Dersom talet på problemstillingar blir svært omfattande, kan det vere fornuftig å vurdere om undersøkinga bør avgrensast eller delast opp i fleire mindre prosjekt. Bruk av hovudproblemstillingar med underproblemstillingar kan vere ein måte å kombinere breidd i undersøkinga med å fordjupe seg på nokre sentrale område. Områda ein fordjupar seg i kan til dømes vere knytte til spesifikke krav i regelverk, vedtak eller målsetjingar.

#### Eksempel

**Hovudproblemstilling:** I kva grad etterlever kommunen plan- og bygningslova i si handsaming av private plansaker?

**Underproblemstillingar:** Blir det halde møte ved oppstart av private plansaker?


I kva grad blir sakshandsamingsfristen på 12 veker for førstegangshandsaming av private planar etterlevd?

Etterlever kommunen lovkrav knytte til kunngjering, høyring og offentleg ettersyn?

Problemstillingar i forvaltningsrevisjonar kan formulerast på ulike måtar, og kan vere knytte til avvik, konsekvensar eller årsaker. Dette er det gjevne døme på nedanfor:

Eksempel	
Avvik:	I kva grad har barn som får hjelpetiltak frå barneverntenesta ein lovpålagd tiltaksplan?
Konsekvensar:	Kva konsekvensar har det at barn får hjelpetiltak frå barneverntenesta ikkje har ein tiltaksplan?
Årsaker:	Kva er årsaka til at barn som får hjelpetiltak frå barneverntenesta ikkje har ein tiltaksplan?

I eit forvaltningsrevisjonsprosjekt kan ein gjerne kombinere ulike typar problemstillingar, slik at svara gjev eit heilskapleg bilete av det problemfeltet som blir undersøkt. Det kan til dømes vere interessant å undersøkje både om det har vore eit avvik, kva som er årsakene til dette og kva eventuelle verknader avvika har.



Forvaltningsrevisjonen skal gjennomførast i samsvar med god kommunal revisjonsskikk og etablerte standardar på området.<sup>5</sup> Standard for forvaltningsrevisjon, RSK 001, er basert på internasjonale prinsipp og standardar, og er tilpassa norsk lov.<sup>6</sup> Sjølv om krava som blir stilte i standarden er retta mot revisor, vil det vere nyttig om kontrollutvalet er kjent med standarden og veit kva krav som blir stilte til utføring av forvaltningsrevisjonar. I tabellen nedanfor er krav til revisor oppsummerte.<sup>7</sup>

Fase	Beskrivelse
Bestilling	Revisor må innrette seg etter bestillinga frå kontrollutvalet, og skal vurdere om bestillinga er muleg å gjennomføre. Revisor skal også vurdere om han er uavhengig og har tilstrekkeleg kompetanse.
Prosjektplan	Det skal utarbeidast ein skriftleg prosjektplan til kvart prosjekt, der det blir gjort greie for problemstillinga(ne) i prosjektet, revisjonskriterium, metodebruk, framdriftsplan og ressursbruk.
Oppstart	Ved oppstart av eit forvaltningsrevisjonsprosjekt skal det sendast eit oppstartsbrev til administrasjonssjefen. Det blir også anbefalt å halde eit oppstartsmøte.
Revisjonskriterium	Det skal etablerast revisjonskriterium for forvaltningsrevisjonsprosjektet. Dette skal vere grunngeve i og utleia av autoritative kjelder innanfor det reviderte området, til dømes rettsreglar, politiske vedtak, administrative retningslinjer eller etablert teori.
Datainnsamling	Etter standarden må revisor hente inn data i eit tilstrekkeleg omfang for å gjere vurderingar og svare på problemstillingane. Data kan hentast inn til dømes ved hjelp av intervju, spørjeskjema, observasjon, dokumentanalyse, statistiske analysar eller rekneskapsanalyse. Data som er samla inn ved hjelp av intervju skal som hovudregel verifiserast.
Vurderingar	Standarden stiller krav til at revisor gjer vurderingar ved å analysere dei innsamla data i høve til revisjonskriteria. Revisor vurderer om praksis eller tilstand er i tråd med kriteria.
Tilrådingar	Der det blir konkludert med at det har skjedd avvik eller er forbettringsmulegheiter, skal revisor gje tilrådingar. Tilrådingane må aldri formulerast som pålegg til administrasjonen, og revisor skal vere varsom med å gje tilrådingar i form av detaljerte løysingar.
Høyring	Administrasjonssjefen skal få høve til å gje uttrykk for sitt syn på dei forholda som går fram av rapporten.
Rapport	Når det er gjennomført ein forvaltningsrevisjon skal det skrivast ein rapport. Rapporten skal vise samanhengen mellom problemstillingar, revisjonskriterium, data, vurderingar og konklusjonar. Kommentaraner til administrasjonssjefen skal gå fram av rapporten.
Kvalitetssikring	Utføring av forvaltningsrevisjon skal kvalitetssikrast. Kvalitetssikringa skal sikre fagleg og metodisk kvalitet, og at det er konsistens mellom bestilling, problemstillingar, revisjonskriterium, data, vurderingar og konklusjonar.
Dokumentasjon	Forvaltningsrevisjonen skal dokumenterast på ein måte som er tilstrekkeleg for å gje ei totalforståing av utføringa av prosjektet. Omstende som gjeld mislege handlingar eller feil skal dokumenterast særskilt. Dokumentasjonen skal oppbevarast i 10 år.

<sup>5</sup> Revisjonsforskriften § 7.

<sup>6</sup> NKR (2005).

<sup>7</sup> Oppsummeringa er basert på RSK 001 slik han ligg føre per 15.12.2010. Framlegg til oppdatert versjon er per januar 2011 ute til høyring.



Halde seg orientert undervegs

Etter at prosjektet er bestilt og fram til levering av ferdig rapport, er det viktig at kontrollutvalet held seg informert om status for prosjektet. Standard for forvaltningsrevisjon stiller ikkje nokon konkrete krav til form og innhald i ei slik rapportering, utover at det bør vere ein god kommunikasjon mellom revisor og bestillar. Kor ofte og korleis det skal rapporterast undervegs i prosjektperioden, kan avtalast mellom revisor og kontrollutval, med utgangspunkt i kva kontrollutvalet treng og ynskjer. Faktorar som kan vere viktige i denne samanhengen er kva omfang og utstrekning i tid prosjektet har. Andre viktige forhold kan vere kor ofte kontrollutvalet held møte, og dessutan utvalet si erfaring med forvaltningsrevisjon og/eller erfaring knytt til å samarbeide med den revisjonseininga som gjennomfører undersøkinga.

For prosjekt som går over lenger tid, kan det vere naturleg at revisjonen rapporterer status for prosjektet i kontrollutvalet sine møte undervegs i prosjektperioden. Rapporteringar kan medverke til at partane får avklara om undersøkinga blir utført i samsvar med kontrollutvalet sine intensjonar, og om framdrifta i prosjektet er tilfredsstillande.

### Tips



#### Korleis kan kontrollutvalet vurdere kvaliteten på ein forvaltningsrevisjonsrapport?

- Rapporten skal vere i samsvar med bestilling eller avtale.
- Det skal vere samanheng mellom problemstillingar, revisjonskriterium, data, vurderingar, konklusjonar og framlegg til tiltak.
- Det skal gå klart fram kva som er data, og kva som er revisor sine vurderingar.
- Det må gå tydeleg fram kva avvik revisjonen har avdekt og korleis desse blir vurderte i høve til revisjonskriteria.
- Følgjande moment skal vere dekte i rapporten:
  - bakgrunn for prosjektet/bestilling
  - problemstilling(ar)
  - metode
  - revisjonskriterium
  - data
  - vurderingar
  - konklusjon med eventuelle tilrådingar
  - oversikt over sentrale dokument og litteratur
  - administrasjonssjefen sine kommentarar skal gå fram av rapporten

Forvaltningsrevisjon er ein dynamisk prosess der nye funn kan gjere det naturleg å justere problemstillingar, revisjonskriterium eller metode for datainnsamling. For revisjonen kan møte med kontrollutvalet i prosjektperioden vere eit høve til å få diskutert eventuelle framlegg til justeringar av opphavleg prosjektplan. Det kan vere nyttig om kontrollutvalet og revisjonen, før oppstart av prosjektet, klårgjer kven revisjonen skal kontakte dersom det oppstår uføresette hendingar. Mindre justeringar av prosjektplanen kan til dømes avklarast med sekretariatet.

**Eksempel****Frist for statusrapportering og iverksetjing av tiltak**

I samband med ein forvaltningsrevisjonsrapport gjorde kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune følgjande framlegg til vedtak:

1. Fylkestinget tek rapporten «Minoritetsspråklege elevar i vidaregåande skule sine rettar» til etterretning
2. Fylkestinget ber fylkesrådmannen starte arbeidet med gjennomføring av tilrådingane i rapporten, og innan 1.3.2011 rapportere status for arbeidet og tidsplan for fullføring til kontrollutvalet

Mottak og handsaming av revisjonsrapport

Ferdig forvaltningsrevisjonsrapport blir oversendt til kontrollutvalssekretariatet. Sekretariatet skal førebu saka, sjå til at rapporten er i samsvar med bestillinga frå utvalet, og leggje fram rapporten for handsaming i kontrollutvalet.

Det er ein føremon om forvaltningsrevisjonsrapportar blir skrivne i eit lett tilgjengeleg språk, utan bruk av for mange faguttrykk. Der revisor finn det naudsynt å nytte faguttrykk, kan det vere føremålstenleg å inkludere ei ordforklaring i innleiinga til rapporten. Det kan også hjelpe lesaren dersom lengre rapportar startar med eit samandrag. Samandraget må gje ei balansert framstilling av dei vurderingane som blir presenterte i rapporten.

Det går fram av standarden at forvaltningsrevisjonsrapportar skal

ha eit klårt skilje mellom data og revisor sine vurderingar. I rapporten skal revisor peike på mulege forbettringsomsråde, og gje tilrådingar om korleis ein kan oppnå slike forbettringar. Gode tilrådingar aukar nytteverdien av forvaltningsrevisjonen. Tiltrådingar må ikkje formulerast som pålegg til administrasjonen, og revisor skal vere varsam med å gje tilrådingar i form av detaljerte løysingar.

Årsaka til at tilrådingar ikkje skal formulerast som pålegg, er at revisor ikkje har instruksjonsmynde overfor administrasjonen i kommunen. Det er også slik at administrasjonen på sjølvstendig grunnlag må vurdere kva tiltak det vil vere mest føremålstenleg å setje i verk, og som vil ha best effekt. Det er opp til kommunestyret å be administrasjonen om å gjennomføre dei tilrådde tiltaka. Ei anna årsak til at revisor må vere varsam med å gje svært spesifikke tilrådingar, er at revisor må sikre at han er uavhengig og ikkje kjem i ein situasjon der han i neste omgang må revidere egne tilrådingar.

Det er vanlegvis sekretariatet som utarbeider saksframlegg ved handsaming av forvaltningsrevisjonsrapportar i kontrollutvalet. Forma på saksframstillinga bør utviklast i samarbeid mellom utval og sekretariat. Det varierer i kva grad sekretariatet legg inn egne vurderingar av innhaldet i rapportane og kvaliteten i saksframstillinga. Det varierer også korleis sekretariatet formulerer framlegg til vedtak. Rapporten er revisor sitt arbeid, men sekretariatet kan kome med sine kommentarar i saksframstillinga.

Revisor skal fortløpande rapportere til kontrollutvalet om gjennomførte forvaltningsrevisjonar.<sup>8</sup> I tillegg til å levere ein skriftleg rapport, er det ein føremon om revisor presenterer og går gjennom rapporten når utvalet handsamar denne. Revisor bør også stille seg tilgjengeleg for spørsmål om innhaldet i rapporten.

Kontrollutvalet sitt vedtak ved handsaming av rapporten er normalt identisk med innstillinga til vedtak i kommunestyret. Kontrollutvalet sitt vedtak er ofte basert på revisor sine tilrådingar i rapporten.

I si innstilling til kommunestyret kan kontrollutvalet inkludere ei formulering om tidsfrist for når administrasjonen skal gjere greie for oppfølginga av vedtaket i kommunestyret. Dersom ei slik formulering blir vedteken i kommunestyret, kan dette lette utvalet sitt arbeid med oppfølging av rapporten.

#### Rapportering til kommunestyret

Kontrollutvalet skal rapportere til kommunestyret om kva forvaltningsrevisjonar som er gjennomførte og resultatata av desse. Det er viktig at forvaltningsrevisjonsrapportar fortløpande blir formidla vidare til kommunestyret. Dersom dette ikkje blir gjort, kan resultatet rapporterast særskilt i årsmeldinga. Det er kontrollutvalet som vurderer nærare når og korleis slik rapportering skal skje. Kommunestyret kan også fastsetje nærare reglar om rapportering.<sup>9</sup> Rask rapportering til kommunestyret vil gjere sitt til at informasjonen framleis er aktuell, at dei folkevalde får dekte sin trong for informasjon, og at forbetringstiltak blir sette i verk.

#### Eksempel

##### **Handsaming av rapport i kontrollutvalet**

Ved handsaming av rapporten i kontrollutvalet, bør utvalet bruke god tid på å gjere seg kjent med innhaldet og tilrådingane i rapporten.

Kontrollutvalet i Møre og Romsdal fylkeskommune inviterer alltid fylkesrådmannen til kontrollutvalsmøte i samband med handsaminga av forvaltningsrevisjonsrapportar. Dette medverkar til ein god dialog omkring dei forholda som er avdekte, og sikrar at alle relevante opplysningar er komne fram før saka skal handsamast i fylkestinget.

<sup>8</sup> Revisjonsforskriften § 8.

<sup>9</sup> Merknader til kontrollutvalgsforskriften § 11 (rundskriv H-15/04, vedlegg 1).

Oppdragsansvarleg revisor, eller ein som stiller i revisor sin stad, har møteplikt i kommunestyret når saker som har tilknytning til revisor sitt oppdrag skal handsamast.<sup>10</sup> Før møtet i kommunestyret er det ein føremon om kontrollutvalet avklarar roller og oppgåver med revisor i samband med framlegging av rapporten. Dette gjeld både kven som eventuelt skal presentere rapporten, og kven som skal svare på kva spørsmål frå kommunestyret.

Framlegging av rapport i kommunestyret synleggjer kontrollutvalet sitt arbeid. Det kan vere nyttig for kommunestyret om kontrollutvalet innleier handsaminga av rapporten med ein kort presentasjon av hovudfunna i forvaltningsrevisjonen. Forvaltningsrevisjonsrapporter kan vere både lange og komplekse, og kommunestyrepreressantane vil ofte ikkje ha høve til å setje seg tilstrekkeleg inn i rapporten. Ein slik presentasjon må avklarast med ordføraren før kommunestyremøtet.

Ved spørsmål i kommunestyret bør hovudregelen vere at kontrollutvalsleiar svarer på vegner av kontrollutvalet. Unntaket er når spørsmål er knytte til sjølve gjennomføringa av undersøkinga og korleis revisor har kome fram til konklusjonane i rapporten.

## Oppfølging og effekt av forvaltningsrevisjon

Kontrollutvalet skal sjå til at kommunestyret sine vedtak i samband med gjennomførte forvaltningsrevisjonar, blir følgde opp.<sup>11</sup> Kontrollutvalet sitt ansvar for oppfølging er retta mot både administrasjonen og andre folkevalde organ. Kontrollutvalet skal også rapportere til kommunestyret om korleis kommunestyret sine merknadar til forvaltningsrevisjonsrapportar er blitt følgde opp. I tillegg skal det rapporterast om tidlegare saker som etter utvalet si meining ikkje er blitt følgde opp på ein tilfredsstillande måte. Sistnemnde blir vanlegvis rapporterte i kontrollutvalet si årsmelding (sjå kapittel 11).

For kommunen kan dei tilrådingar, vurderingar og den bakgrunnsinformasjonen forvaltningsrevisjonar gjev, vere ei kjelde til ny kunnskap om ulike område i kommunen. Dette kan medverke til utvikling av tenestetilbod, arbeidsformer og internkontroll. For at forvaltningsrevisjonsrapportane skal gje læringseffekt er det sentralt at kontrollutvalet legg til rette for ein konstruktiv dialog og god samhandling med administrasjonen. I oppfølginga av forvaltningsrevisjonar er det viktig å leggje vekt på potensialet for forbetring og utvikling. Dette vil medverke til betre måloppnåing og auka kvalitet på tenestene.

<sup>10</sup> Revisjonsforskriften § 19.

<sup>11</sup> Kontrollutvalgsforskriften § 12.

**KORT OG  
GODT!**

- Forvaltningsrevisjon er ein viktig reiskap for å betre måloppnåinga og auke kvaliteten på tenestene i kommunen.
- Kontrollutvalet bør bruke tid på bestillingsprosessen, slik at utvalet får formidla ei tydeleg bestilling til revisjonen. Dette vil sikre at det er semje om kva forvaltningsrevisjonen skal svare på.
- Det er ein føremon om kontrollutvalet utarbeider ein plan for korleis revisjonen skal rapportere undervegs i ein forvaltningsrevisjonsprosess, og avtalar kven revisjonen skal kontakte dersom det oppstår uføresette hendingar som bør adresserast før neste møte.
- Forvaltningsrevisjonsrapporten bør bli presentert i kommunestyret, anten av leiar i kontrollutvalet, den representanten i utvalet som har hatt ansvar for oppfølging av revisjonen, eller revisor.
- Kontrollutvalet skal følgje opp at administrasjonen gjennomfører vedtaka til kommunestyret.

**Kari Marie Nygard**

---

**Fra:** Arkiv [arkiv@samnanger.kommune.no]

**Sendt:** 12. juni 2012 10:46

**Til:** Jens Harald Abotnes [FV-iPad]; Kari Marie Nygard

**Emne:** VS: Intern kontroll og forvaltningsrevisjon i kommunene

---

**Fra:** Revisorforeningen [mailto:firmapost.dnr@revisorforeningen.no]

**Sendt:** 11. juni 2012 15:40

**Til:** adm

**Emne:** Intern kontroll og forvaltningsrevisjon i kommunene

ATT: Leder kontrollutvalg og kontrollutvalgssekretariatet i Samnanger kommune

Kommunaldepartementet kom 25. mai med forslag til endringer i kommuneloven.

Styrket egenkontroll er viktig for å sikre innbyggernes tillit til kommunen. Det sikrer effektiv og riktig ressursbruk i kommunen. Statsråd Navarsete har pekt på sammenhengen mellom egenkontrollen og statlig tilsyn: Statlige tilsynsetater bør ta hensyn til at tilsynsbehovet er mindre i kommuner med aktiv forvaltningsrevisjon og egenkontroll.

Det foreslås innført et krav om at rådmannen i årsmeldingen skal rapportere om arbeidet med den interne kontrollen. Både Revisorforeningen og revisjonsselskapene har i flere år arbeidet for å sette fokus på intern kontroll.

Revisorforeningen har gleden av å oversende to brosjyrer, en om forvaltningsrevisjon og en om intern kontroll, som vi håper dere finner interessante.

Med vennlig hilsen

Per Hanstad

Adm. direktør

Den norske Revisorforening  
Henrik Ibsens gate 100  
Pb. 2914 Solli, 0230 Oslo  
Tel.: 23 36 52 00  
[www.revisorforeningen.no](http://www.revisorforeningen.no)



Miljøfyrtårn

Revisorforeningen er sertifisert Miljøfyrtårn. Tenk på miljøet før du skriver ut denne e-posten.

---

Denne e-post har blitt skannet av [Comendo Norge AS](#)  
This e-mail has been scanned for viruses by [Comendo Norge AS](#)

---

---

Denne epost har blitt kontrollert for virus av [Comendo Norge AS](#)  
This e-mail has been scanned for viruses by [Comendo Norge AS](#)

---



Kari Marie Nygård Sekretær i Kontrollutvalet  
Hordaland Fylkeskommune

Vår referanse:  
11/631/12/3421/INT/MH

Arkivkode:  
FE-033, TI-&17

Dykkar referanse:

Dato:  
29.06.2012

## MELDING OM POLITISK VEDTAK - PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON 2012 - 2016

Me melder med dette frå om at det er gjort følgjande vedtak:

### 20.06.2012 KOMMUNESTYRET

Handsaming i møtet:

**Marit A. Aase Krf.** sette fram følgjande framlegg til vedtak:

”Pkt 4 og 5 vert endra slik:

Delegering av mynde til KU i høve endringar og omprioriteringar i planen m. m. vert vurdert av kommunestyret når sak om revisjon av delegeringsreglementet kjem opp i løpet av hausten 2012.

Elles som innstillinga frå KU slik den ligg føre.”

Framlegget vart samrøystes vedteke.

### KS-034/12 VEDTAK:

1. Framlegg til plan for forvaltningsrevisjon vert vedteken slik den ligg føre.
2. Planen erstattar tilsvarande plan for perioden 2008 – 2012.
3. Planen gjeld for resten av valperioden, 2011 – 2015, og fram til ny plan etter intensjonen vert vedteken i 2016.
4. Delegering av mynde til KU i høve endringar og omprioriteringar i planen m. m. vert vurdert av kommunestyret når sak om revisjon av delegeringsreglementet kjem opp i løpet av hausten 2012.
5. Kontrollutvalet skal rapportera resultatet av forvaltningsrevisjonar til kommunestyret minst ein gong kvart år. Viktige revisjonsrapportar skal leggjast fram for kommunestyret etter kvart.

Med helsing

*Magda Haugen*

Magda Haugen  
avdelingsleiar





Kari Marie Nygård Sekretær i Kontrollutvalet  
Hordaland Fylkeskommune

Vår referanse  
11/631/12/3426/INT/MH

Arkivkode  
FE-033, TI-&17

Dykkar referanse

Dato:  
29.06.2012

## MELDING OM POLITISK VEDTAK - PLAN FOR SELSKAPSKONTROLL 2012 - 2016

Me melder med dette frå om at det er gjort følgjande vedtak:

### **20.06.2012 KOMMUNESTYRET**

Handsaming i møtet:

**Marit A. Aase Krf** sette fram følgjande framlegg til vedtak:

”Tabell s. 5 pkt 3.2 i planen vert retta opp, dei ulike selskapa står to gonger i tabellen.

Pkt 3 vert endra slik:

Delegering av mynde til KU i høve endringar og omprioriteringar i planen m. m. vert vurdert av kommunestyret når sak om revisjon av delegeringsreglementet kjem opp i løpet av hausten 2012.

Pkt 4 vert endra slik:

Delegering av mynde til KU i høve ”revisjon” og evaluering vert vurdert av kommunestyret når sak om revisjon av delegeringsreglement kjem opp i løpet av hausten 2012.

Pkt 5 vert endra slik:

Følgjande setning vert teken inn som første setning: I den grad Samnanger kommune vil ta initiativ til selskapskontroll skal det takast kontakt med dei andre samarbeidspartane i selskapet før kontrollen vert sett i bestilling.”

Framlegget vart samrøystes vedteke.

### **KS-035/12 VEDTAK:**

1. Framlegg til plan for selskapskontroll vert vedteken slik den ligg føre. Planen erstattar tilsvarande plan for perioden 2008 – 2012.
2. Planen gjeld for resten av valperioden, 2011 – 2015, og fram til ny plan etter intensjonen vert vedteken i 2016.
3. Delegering av mynde til KU i høve endringar og omprioriteringar i planen m. m. vert vurdert av kommunestyret når sak om revisjon av delegeringsreglementet kjem opp i løpet av hausten 2012.

4. Delegering av mynde til KU i høve "revisjon" og evaluering vert vurdert av kommunestyret når sak om revisjon av delegeringsreglement kjem opp i løpet av hausten 2012.
5. I den grad Samnanger kommune vil ta initiativ til selskapskontroll skal det takast kontakt med dei andre samarbeidspartane i selskapet før kontrollen vert sett i bestilling. Kontrollutvalet skal rapportera resultatet av selskapskontrollar til kommunestyret minst ein gong kvart år. Viktige revisjonsrapportar skal leggjast fram for kommunestyret etter kvart.

Tabell s. 5 pkt 3.2 i planen vert retta opp, dei ulike selskapa står to gonger i tabellen.

Med helsing



Magda Haugen  
avdelingsleiar



Kari Marie Nygård Sekretær i Kontrollutvalet  
Hordaland Fylkeskommune

Vår referanse  
11/631/12/3434/INT/MH

Arkivkode  
FE-033, TI-&17

Dykkar referanse

Dato:  
29.06.2012

**MELDING OM POLITISK VEDTAK - ÅRSMELDING FOR KONTROLLUTVALET  
2011**

Me melder med dette frå om at det er gjort følgjande vedtak:


**20.06.2012 KOMMUNESTYRET**

Handsaming i møtet:  
Framlegget frå KU vart samrøystes vedteke

**KS-036/12 VEDTAK:**

Kommunestyret godkjenner årsmelding frå kontrollutvalet for 2011.

Med helsing

  
Magda Haugen  
avdelingsleiar / politisk sekretær

## Rekneskap pr 17.08.2012

1 - Oppsett		2 - Resultat								
Konto	Konto (T)	Ansvar	Funksjon	Funksjon (T)	Beløp	Beløp DA	Beløp DB	Beløp DD	##	
0	12700 Konsulenttenester	1200	1100	REVISJON	-41 000,00	158 000,00	0,00	158 000,00	12	
1	14290 Betalt mva - komskompensasjon	1200	1100	REVISJON	9 500,00	38 760,00	0,00	38 760,00	12	
2	17290 Momsrefusjon drift	1200	1100	REVISJON	-9 500,00	-38 760,00	0,00	-38 760,00	12	
<b>Σ1</b>			1100	REVISJON	-41 000,00	158 000,00	0,00	158 000,00	36	
3	17290 Momsrefusjon drift	1200	1101	KONTROLLUTVAL	-33 037,16	-89 640,00	0,00	-89 640,00	12	
4	14290 Betalt mva - komskompensasjon	1200	1101	KONTROLLUTVAL	33 037,16	89 640,00	0,00	89 640,00	12	
5	12700 Konsulenttenester	1200	1101	KONTROLLUTVAL	103 400,00	160 055,00	0,00	160 055,00	12	
6	13300 Kjøp frø fylkeskommunen	1200	1101	KONTROLLUTVAL	20 295,00	92 000,00	0,00	92 000,00	12	
7	10802 Tap arbeidsforteneste	1200	1101	KONTROLLUTVAL	0,00	10 000,00	0,00	10 000,00	12	
8	10803 Møtegodtgjøring	1200	1101	KONTROLLUTVAL	17 054,00	24 500,00	0,00	24 500,00	12	
9	10990 Arbeidsgjøring	1200	1101	KONTROLLUTVAL	2 404,61	4 865,00	0,00	4 865,00	12	
10	11001 Fagliteratur, tidsskrift, avis	1200	1101	KONTROLLUTVAL	1 480,00	2 000,00	0,00	2 000,00	12	
11	11150 Matvarer	1200	1101	KONTROLLUTVAL	1 230,00	1 500,00	0,00	1 500,00	12	
12	11501 Kurs/ opplæring	1200	1101	KONTROLLUTVAL	13 497,59	15 000,00	0,00	15 000,00	12	
13	11600 Skyss- og kostgodtgjøring	1200	1101	KONTROLLUTVAL	0,00	5 000,00	0,00	5 000,00	12	
14	11950 Kontingentar	1200	1101	KONTROLLUTVAL	0,00	1 100,00	0,00	1 100,00	12	
15	12004 Datautstyr	1200	1101	KONTROLLUTVAL	6 224,00	0,00	0,00	0,00	1	
<b>Σ1</b>			1101	KONTROLLUTVAL	165 585,20	316 020,00	0,00	316 020,00	145	
<b>Σ</b>					124 585,20	474 020,00	0,00	474 020,00	181	



## SAKSFRAMLEGG

**Til:** Kontrollutvalet

**Dato:** 13. september 2012

**Sakshandsamar:** Kari Nygard

**Kopi til:**

**Sak:** 27/12

### 27/12 ORIENTERINGSSAKER

Nr.	Orientering frå:	Orientering vedrørende:
1	Rådmann	Om prosjekt i "Plan for forvaltningsrevisjon" – prioritet nr. 1.: <ul style="list-style-type: none"> <li>• Sentraladministrasjon               <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Organisering og ansvarsdeling</li> <li>○ Kapasitet – særleg knytt til planleggings- og prosjekteringsoppgåver</li> <li>○ Arbeid med internkontroll</li> </ul> </li> </ul>
2	Ordførar	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Status for arbeid med reglar for innkrevjing av leige for bruk av kommunal kai</li> <li>• KOFA-sak vedr. "direkte ulovlig anskaffelse" i BIR-kommunane. Svar på henvending til departementet om klage på vedtaket</li> </ul>
		Ymse

### FORSLAG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

Hogne Haktorson  
Kontrollsjef

Kari Nygard  
Seniorrådgjevar

### Vedlegg:

- Mail til rådmann vedr. orienteringssak nr. 1



**Fra:** [Kari Marie Nygard](mailto:kari.nygard@hfk.no)  
**Til:** ["tone.ramsli@samnanger.kommune.no"](mailto:tone.ramsli@samnanger.kommune.no)  
**Kopi:** [Jens Harald Abotnes](#); [Hogne Haktorson](#)  
**Emne:** Orienteringssak til kontrollutvalet i Samnanger kommune sitt møte 13.09.12  
**Dato:** 5. september 2012 09:34:18

---

Hei, og takk for praten på telefonen for litt sidan !

Sekretariatet er nå i ferd med å førebu neste møte i kontrollutvalet, som skal vera 13.09.12, med møtestart kl. 14.00.

I den samanheng vil det bli førebudd sak om å starta opp arbeidet med "Plan for forvaltningsrevisjon", som vart vedteke i kommunestyret før ferien.

Kontrollutvalet har ønske, i dette møtet, om ei orientering som kan gje bakgrunn for å drøfta og å peika ut prosjekt for forvaltningsrevisjon.

I den vedtekne planen er det i prioritert gruppe, sett opp som prosjekt nr. 1: - Sentraladministrasjonen.

Som tema innanfor dette prosjektet bør det gjevast orientering om:

- Organisering og ansvarsdeling
- Kapasitet - særleg knytt til planleggings- og prosjekteringsoppgåver
- Arbeid med internkontroll

Målsettinga med orienteringa må vera at kontrollutvalet får kjennskap til kva som fungerer bra innanfor det aktuelle tenesteområdet, og kva som ligg av utfordringar som kan utbetrast og føra til større kvalitetssikring. Kontrollutvalet må og få høve til å stilla spørsmål til orienteringa.

Ut frå telefonsamtalen me hadde forstod eg det slik at det kan gjevast slik orientering til kontrollutvalet, og at dette kan setjast opp på saklista. Ber likevel om stadfesting på om dette let seg gjera. På førehand takk !

*Med helsing*

*Kari Nygard*  
*-seniorrådgjevar-*

*Hordaland fylkeskommune*  
*sekretariat for kontrollutvalet*  
*Postboks 7900*  
*5020 Bergen*  
[kari.nygard@hfk.no](mailto:kari.nygard@hfk.no)  
tlf. 55 23 94 06 / 916 64 183



## SAKSFRAMLEGG

**Til:** Kontrollutvalet **Dato:** 13. september 2012  
**Sakshandsamar:** Kari Nygard  
**Kopi til:** **Sak:** 28/12

### 28/12 OPPSTART AV PROSJEKT INNAN FORVALTNINGSREVISJON

#### Bakgrunn for saka:

Kommunestyret i Samnanger kommune handsama forslag til plan for forvaltningsrevisjon i Samnanger kommune for perioden 2012 – 2015 i sak 34/12, og gjorde slikt vedtak:

1. Framlegg til plan for forvaltningsrevisjon vert vedteken slik den ligg føre.
2. Planen erstattar tilsvarende plan for perioden 2008 – 2012.
3. Planen gjeld for resten av valperioden, 2011 – 2015, og fram til ny plan etter intensjonen vert vedteken i 2016.
4. Delegering av mynde til KU i høve endringar og omprioriteringar i planen m.m. vert vurdert av kommunestyret når sak om revisjon av delegeringsreglementet kjem opp i løpet av hausten 2012..
5. Kontrollutvalet skal rapportere resultatet av forvaltningsrevisjonar til kommunestyret minst ein gong kvart år. Viktige revisjonsrapportar skal leggjast fram for kommunestyret etter kvart.

I den vedteke planen er det desse 5 prosjekta som er sett opp i prioritert gruppe:

1. Sentraladministrasjon
2. Samhandling og brukarmedverknad i helse- og omsorgstenestene
3. Vedlikehald
4. Vedtaksoppfølging og måloppnåing
5. Spesialundervisning og tilpassa opplæring
6. Legevakt

#### Drøfting:

Kontrollutvalet bør på bakgrunn av den vedteke planen vurdere om kva prosjekt som nå skal gjennomførast. Etersom planen nyleg er vedteken, finn sekretariatet det mest naturleg å setja fokus på det prosjektet som ligg øvst i prioriteringa, "Sentraladministrasjonen". Kontrollutvalet kan også vurdere om ein skal velja andre av dei prioriterte prosjekta, dersom aktualiteten skulle tilseie det.

For at kontrollutvalet skal kunna gjera seg opp ei meining om kva prosjekt som vil vera rett å velja nå, har sekretariatet bede rådmann om å koma i møte 13.09.12 og orientera til kontrollutvalet, og at utvalsmedlemmane får høve til å stilla spørsmål.

For å peika ut dei områder som det vil vera aktuelt å sjå nærare på i ein forvaltningsrevisjon, vert det og vist til det som kjem fram i "Overordna analyse til plan for forvaltningsrevisjon". I pkt 3.1.1 "Sentraladministrasjon" står det mellom anna:

*”Det går fram av rådmannen sine kommentarar til budsjett 2012 at det er høge ambisjonar for Samnanger kommune på mange felt. Samstundes går det fram at det ikkje er samsvar mellom ressursar i leiinga til nye prosjekt, og dei høge ambisjonane.*

*I årsmeldinga for 2011 vert det peikt på at kommunen har hatt ei styrking av fleire område i sentrale styringsorgan og fellesutgifter (oppfølging av politikarar og IKT), og at ein har fått ekstra arbeid i samband med samhandlingsreforma. Det vert vidare peikt på at det ikkje er tilført ressursar knytt til planlegging og prosjektering, og at dette vil kunne gå ut over kvaliteten på desse områda. Mykje av arbeidet fell på rådmann og assisterande rådmann.*

*Det går fram av undersøkinga at fleire er bekymra fordi det er mangel på kapasitet i sentraladministrasjonen. Manglande kapasitet fører til høgt arbeidspress, og det blir mellom anna vist til at leiinga har lite tid til strategisk arbeid, planarbeid osv.*

*I undersøkinga blir det stilt spørsmål ved om organiseringa av administrasjonen er føremålstenleg, og om det finst potensial for å arbeide meir effektivt. Det blir føreslått å gjennomføre vidare undersøkingar av sentraladministrasjonen.”*

Vidare står det også i pkt. 3.2.2. ”Internkontroll”:

*”Samnanger kommune har ei internkontrollhandbok som ligg tilgjengeleg på nettstaden til kommunen, og som er distribuert kring i einingar, verneområde og hjå sentrale funksjonar i kommunen.*

*Vidare går det fram av undersøkinga at kommunen har etablert system for HMT og avviksmeldingar, og ein opplever at tilsette i kommunen kjenner til systema.”*

Sekretariatet ber om at det overordna analysedokumentet vert nytta av kontrollutvalet for å setta seg inn i bakgrunn for å velja forvaltningsrevisjonsprosjekt.

Dersom kontrollutvalet vil drøfta nokon av dei andre prosjekta som kan vera aktuelle for forvaltningsrevisjon ut frå vedteken plan, så vert det vist til ugreiing som er gjort for dei einskilde prosjekta i ”Overordna analyse”.

#### Konklusjon:

Kontrollutvalet må i møte drøfta val av prosjekt for forvaltningsrevisjon. Når ein har gjort val av prosjekt må ein og drøfta formulering av føremål med prosjektet, og definera avgrensing og problemstillingar ein vil sjå på i prosjektet.

#### **FORSLAG TIL VEDTAK:**

1. Kontrollutvalet ber Deloitte gjennomføra forvaltningsrevisjon innan .....
2. Deloitte vert beden om å levera forslag til prosjektplan i tråd med dei føringar utvalet har gjeve, inkludert føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar, samt ressursbruk for prosjektet.
3. Forslag til prosjektplan skal leverast til sekretariatet innan .....
4. Prosjektplanen skal handsamast i neste møte i kontrollutvalet.

Hogne Haktorson  
Kontrollsjef

Kari Nygard  
Seniorrådgjevar





## SAKSFRAMLEGG

**Til:** Kontrollutvalet **Dato:** 13. september 2012  
**Sakshandsamar:** Kari Nygard  
**Kopi til:** **Sak:** 29/12

### 29/12 FRAMLEGG TIL BUDSJETT FOR KONTROLL- OG TILSYNSARBEIDET FOR 2013

#### Bakgrunn for saka:

Av "Forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner" finn ein i § 18 formuleringa om at kontrollutvalet skal utarbeide framlegg til budsjett for kontroll-, tilsyns- og revisjonsarbeidet i kommunen:

#### *§ 18. Budsjettbehandlingen*

*"Kontrollutvalget utarbeider forslag til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen eller fylkeskommunen. Kontrollutvalgets forslag til budsjetttramme for kontroll- og revisjonsarbeidet skal følge formannskapetets/kommunerådets eller fylkesutvalgets/fylkesrådets innstilling til kommunestyret eller fylkestinget.*

#### Drøfting:

Kontrollutvalet har ansvar for å utarbeida framlegg til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen. Det som er særskilt med kontrollarbeidet er at det eigentleg er administrasjonen som vert revidert. Såleis skal kontrollutvalet innstilla direkte overfor politisk organ.

For revisjonstenestene er det teke utgangspunkt i gjeldande revisjonsavtale. Budsjettert kostnad med revisjon skal dekkja arbeid med rekneskapsrevisjon. I budsjettframlegget finn ein og eigen post for anna revisjonsarbeid, t.d. prosjekt innan forvaltningsrevisjon og selskapskontroll.

Vidare er det lagt til grunn at det vanlegvis er 5 møter i kontrollutvalet for året, med om lag like stor saksmengde som "eit vanleg år". Det er vidare lagt inn kostnader med kurs / opplæring for medlemmane i kontrollutvalet og servering på utvalsmøta. Elles er det lagt inn møtegodtgjersle og tappt arbeidsforteneste.

I forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar står det dette i § 10:

#### **"§ 10 Plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon**

*Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Planen vedtas av kommunestyret eller fylkestinget selv som kan delegere til kontrollutvalget å foreta endringer i planperioden."*

#### **"§ 13. Selskapskontroll**

*Kontrollutvalget skal påse at det føres kontroll med forvaltningen av kommunens eller fylkeskommunens interesser i selskaper m.m.*

*Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for gjennomføring av selskapskontroll.”*

Formuleringane i desse paragrafane viser at hovedoppgåvene til kontrollutvalet er å gjennomføra prosjektarbeid ut frå dei planar som kommunestyret har vedteke. Planar for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll vart utarbeidde av kontrollutvalet våren 2012, og lagt fram for kommunestyret til godkjenning. Kommunestyret godkjende planane i møte 20.06.12. I kontrollutvalet sitt budsjett bør det leggst inn midlar til å gjennomføra prosjekt innan forvaltningsrevisjon og selskapskontroll i tråd med planane. Ut frå planane, vil prosjekt-arbeid kreva ei ramme på om lag 250 timar for kommunar med Samnanger sin storleik.

Det er og lagt inn i budsjettet ein post for ekstra tiltaksmidlar. Dette er midlar som er tenkt til ev. ad-hoc oppgåver, til dømes tiltak som måtte koma til utanom prosjekt frå planane og til utgreiingar som kontrollutvalet finn naudsynt å gjennomføra undervegs i året. Bakgrunnen for slike ekstra oppgåver kan t.d. vera medieoppslag eller bestillingar frå kommunestyret som ikkje står i godkjend plan.

Prisen for tenestene sekretariatet gjer for kontrollutvalet er regulert i tråd med kostnadsutviklinga som går fram av Statistisk Sentralbyrå sin indeks for andre tenester med arbeidsløn som dominerande prisleik.

#### Konklusjon:

På bakgrunn av dette tilrår sekretariatet at kontrollutvalet sender over budsjettforslaget til kommunestyret, og ber om at framlegget til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet vert godkjent slik det ligg føre.

#### **FORSLAG TIL VEDTAK**

**Kontrollutvalet godkjenner budsjettforslaget slik det ligg føre. Budsjettforslaget vert å sende til kommunestyret i Samnanger kommune for vidare handsaming.**

Hogne Haktorson  
Kontrollsjef

Kari Nygard  
Seniorrådgjevar

Vedlegg:

- Framlegg til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet for 2013

## Vedlegg til SAK 29/12 til møte i kontrollutvalet 13.09.12

<b>Kontrollutvalet i Samnanger kommune, framlegg til budsjett for 2013</b>				
	<b>Tekst</b>	<b>Budsjett 2012</b>	<b>Budsjett 2013</b>	<b>Merknader</b>
	Godtgjersle folkevalde (5 møter pr. år)	24 500	24 500	Møtegodtgj. Kr 505,- pr.medl.pr.møte, utv.leiar kr 11.400,- pr.år
	Tapt arbeidsforteneste	10 000	10 000	
0,141	Arbeidsgjevaravgift 14,1 % av 34.200	4 865	4 900	
0,13	Servering på møta	1 500	1 500	Ifm. møter i kontrollutvalet
0,25	Kurs/opplæring	15 000	15 000	Fagkonferanse / kurs / folkevaldopplæring
0,07	Reise- og opphaldsutgifter	5 000	10 000	Reise ifm. Kurs/opplæring/møter
	Kontingentar	1 000	1 100	Kontingent Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT)
0,25	Diverse utgifter / abonnement	2 000	2 000	Abonnement til kontrollutvalsmedlemmer
0,25	Kjøp av sekretariatstenester	92 000	96 000	Berekna sekretariatskostn. 5 møter, SSB-auke iflg. Avtale
0,25	Kjøp av revisjonstenester, rekneskpsrevisjon	158 000	159 000	I tråd med avtale gjeldande frå 01.07.2010, fastpris rekneskapsrevisjon
0,25	Kjøp av revisjonstenester, prosjektarbeid	160 055	160 000	Bestilte oppdrag frå kontrollutvalet ut frå godkjende planar, samt evt.
0,25	Ekstra tiltaksmidlar	0	20 000	Uforutsette prosjekt innan forvaltningsrevisjon og selskapskontroll, samt oppgaver for kontrollutvalet utanom det planfesta
	Meirverdiavgift	107 310	113 895	
	Moms-kompensasjon	-107 310	-113 895	
	<b>TOTALT</b>	<b>473 920</b>	<b>504 000</b>	



## SAKSFRAMLEGG

**Til:** Kontrollutvalet **Dato:** 13. september 2012  
**Sakshandsamar:** Kari Nygard  
**Kopi til:** **Sak:** 30/12

### 30/12 OPNE ELLER LUKKA MØTER I KONTROLLUTVALET

#### Bakgrunn for saka:

Kontrollutvalet har tidlegare drøfta å få lagt fram sak for å ta stilling til om utvalet vil at møta i kontrollutvalet skal vera opne eller lukka. På møte 29.05.12 i kontrollutvalet vart det ført i møteprotokollen:

- *"Proposisjon om Stortingsmelding som nå er sendt ut til kommunane, inneheld mellom anna forslag om å lovfesta at møter i kontrollutvalet skal vera opne. Dette vil det, mest truleg, bli fleirtal for i Stortinget. Tidspunkt når dette vil gjelda frå er det ikkje kome signal om ennå.*

*Kontrollutvalet vil at sak for å ta stilling til om kontrollutvalet i Samnanger kommune skal innføra opne møter, vert teke opp på neste møte."*

#### Lovverket.

Hovudregelen er at politiske møte skal haldast for opne dører.

*"Møter i folkevalgte organ skal holdes for åpne dører hvis ikke annet følger av lovbestemt taushetsplikt eller vedtak etter denne paragraf."*

Kommuneloven § 31 nr. 3, lyder slik:

Unntak er når møtet må vera lukka for handsaming av saker som er unnateke offentleggjering.

*"Et folkevalt organ kan vedta å behandle en sak for lukkede dører hvor hensynet til personvern eller andre tungtveiende private eller offentlige interesser tilsier dette. Debatt om dette foregår for lukkede dører hvis møteleder krever det eller vedkommende organ vedtar det. Personalsaker skal alltid behandles for lukkede dører."*

Fram til nå har hovudregelen i lovverket vore at kontrollutvalet sine møter skal vera lukka.

#### Drøfting.

Det er to alternativ til vedtak i saka slik den gjeldande lova er i dag, og med bakgrunn i at den gjeldande lovparagraf truleg vil bli endra:

1. Kontrollutvalet sine møter skal vere lukka.
2. Kontrollutvalet sine møter vert halde for opne dørar, og er kun lukka ved handsaming av personalsaker og/eller handsaming av opplysningar som er underlagt lovbestemt teieplikt, jf. KL § 31 eller særlover.

#### Argumentasjon for alternativ 1:

Dette er grunnregelen slik den er utforma i lova i dag. Utvalet står då fritt i alle diskusjonar, utan å måtte ta omsyn til publikum, administrasjonen eller media. Ein er også sikra at det som vert sagt i møtet ikkje kjem ut mot utvalet sitt ynskje. Departementet har tidlegare teke til orde for (OT.prp.nr.

58, 1995 - 1996) at kontrollutvalet sin uavhengigheit er betre ivareteke ved lukka møte enn ved opne møte.

Om saka går for opne dørar, kan det bli kompliserande om det undervegs kjem spørsmål eller merknader som krev lukka dør. Det kan bli oppfatta som uryddig, og gje grobotn for spekulasjonar. "Ingenting er så interessant som ei open sak som vert lukka".

#### Argumentasjon for alternativ 2:

Her gjeld grunnhaldning om fullt innsyn i sakshandsaming knytt til bruk av offentlege midlar, så sant det ikkje gjeld opplysningar underlagt lovbestemt teieplikt. Dette kan og medverka til betre generell kunnskap om kva kontrollutvalet, revisjonen og sekretariatet arbeidar med, og større interesse for utvalet sitt ansvarsfelt.

Det er fleire fylkeskommunar og kommunar som har opne møte, deriblant Møre og Romsdal, Sør-Trøndelag og Hordaland fylkeskommune samt m.a. kommunane Kvinnherad, Bømlo, Eidfjord, Kvam, Tysnes, Fitjar, Stord og Fusa i Hordaland. Dei held alle møta for opne dører, og lukker dørene ved personalsaker og saker som er unnateke offentlegheit.

Kommunal- og regionaldepartementet (KRD) har hatt på høyring eit notat om endringar i kommunelova og enkelte andre lover. Høyringa er eit resultat av arbeidet med "85 tilringar for styrkt eigenkontroll i kommunane". I denne høyringa var også spørsmålet om opne versus lukka møter i kontrollutvala eit tema og KRD foreslår å endre lova ved at møta i kontrollutvala skal vera opne slik som i andre politiske utval. Pressemelding vedr. Sttingsproposisjon 119 "Endringar i kommunelova m.m., ligg vedlagt saka.

#### Konklusjon.

I denne saka finn vi det rett at utvalet sjølv tek stilling til opne eller lukka møter. Det er såleis skissert to alternative framlegg til vedtak.

### **FORSLAG TIL VEDTAK**

#### Alternativ 1:

Kontrollutvalet i Samnanger kommune vil halda på ordning med lukka møter i kontrollutvalet.

#### Alternativ 2:

Kontrollutvalet i Samnanger kommune vedtek at møta i utvalet er opne, med verknad frå ..... Unntak ved handsaming av opplysningar som er underlagt lovbestemt teieplikt, KL § 31 eller særlover.

Hogne Haktorson  
Kontrollsjef

Kari Nygard  
Seniorrådgjevar

#### Vedlegg:

- Pressemelding vedr. opne møte i kontrollutval og kommunale føretak



## SAKSFRAMLEGG

**Til:** Kontrollutvalet

**Dato:** 13. september 2012

**Sakshandsamar:** Kari Nygard

**Kopi til:**

**Sak:** 31/12

### 31/12 GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR

Møteprotokollar gjev informasjon om dei sakene som har vore til politisk handsaming. Kontrollutvalet kan be om nærare informasjon om enkeltsaker og drøfta ulike problemstillingar som ein finn av særleg interesse.

Kontrollutvalet har gjort vedtak om at særskilt ansvar for gjennomgang av møteprotokollar skal fordelast slik:

Kommunestyret	Svein Verner Rødseth
Formannskapet	Elin Dyrseth Liøen
Utval for oppvekst og omsorg	Hans Solberg
Naturutvalet	Lena Tveit

Til dette møtet vil det vera aktuelt med gjennomgang av desse møteinnkallingane / protokollane:

- Kommunestyret 20.06.12
- Formannskapet 06.06.12 og 28.06.12
- Utval for oppvekst og omsorg 07.06.12
- Naturutvalet 30.05.12 og 05.06.12

### **FORSLAG TIL VEDTAK:**

Kontrollutvalet tek møteprotokollane til orientering.

Hogne Haktorson  
Kontrollsjef

Kari Nygard  
Seniorrådgjevar